

EasyPublish

Kravspesifikasjon

Versjon 1.2

Endringshistorie

Dato	Versjon	Kommentarar	Person
12.04.2005	1.0	Første utkast.	Jesro Christoffer Cena
15.04.2005	1.1	Lagt til brukstilfelle 27-34 og gjort nokre endringar i ordlyden.	Jesro Christoffer Cena
15.04.2005	1.2	Endra prioriteringar på UC-26-32, etter tilbakemeldingar under møtet i dag.	Jesro Christoffer Cena

Innhald

1 Innleiing.....	5
1.1 Målsetjing.....	5
1.2 Omfang.....	5
1.3 Definisjonar og forkortingar.....	5
1.3.1 Generelle forklaringar.....	5
1.3.2 Definisjonar for EasyPublish.....	6
1.4 Referanser.....	7
1.5 Oversikt over dokumentet.....	7
2 Overordna omtale.....	8
3 Spesifikke krav.....	9
3.1 Funksjonelle krav – brukstilfeller.....	9
3.1.1 UC-1 Innlogging.....	9
3.1.2 UC-2 Lese nettside.....	9
3.1.3 UC-3 Legge til nytt innlegg.....	9
3.1.4 UC-4 Legg til mediafil.....	9
3.1.5 UC-5 Endre innlegg.....	10
3.1.6 UC-6 Endre statisk side.....	10
3.1.7 UC-7 Vise administrasjonsvindauge.....	10
3.1.8 UC-8 Vise oversikt brukarar.....	10
3.1.9 UC-9 Vise oversikt mediafiler.....	10
3.1.10 UC-10 Vise oversikt innlegg.....	11
3.1.11 UC-11 Vise oversikt statiske sider.....	11
3.1.12 UC-12 Endre innstillingar.....	11
3.1.13 UC-13 Slette brukar.....	11
3.1.14 UC-14 Endre brukar.....	11
3.1.15 UC-15 Opprette brukar.....	12
3.1.16 UC-16 Slette statisk side.....	12
3.1.17 UC-17 Opprette statisk side.....	12
3.1.18 UC-18 Endre mediafil.....	12
3.1.19 UC-19 Slette mediafil.....	12
3.1.20 UC-20 Slette innlegg.....	13
3.1.21 UC-21 Vise oversikt kategoriar.....	13
3.1.22 UC-22 Opprette kategori.....	13
3.1.23 UC-23 Endre kategori.....	13
3.1.24 UC-24 Slette kategori.....	13
3.1.25 UC-25 Få tilsendt passord.....	14
3.1.26 UC-26 Laste ned abonnement.....	14
3.1.27 UC-27 Søk i mediearkiv.....	14
3.1.28 UC-28 Søk på nettside.....	14
3.1.29 UC-29 Vise oversikt lenkjer.....	14
3.1.30 UC-30 Opprette lenkje.....	15
3.1.31 UC-31 Endre lenkje.....	15
3.1.32 UC-32 Slette lenkje.....	15
3.1.33 UC-33 Legge til kommentar.....	15
3.1.34 UC-34 Slette kommentar.....	15

3.2 Ikkje-funksjonelle krav.....	16
3.2.1 Brukarvennleg.....	16
3.2.2 Påliteleg.....	16
3.2.3 Yting.....	16
3.2.4 Vedlikehald.....	16
3.2.5 Anna.....	16

1 Innleiing

EasyPublish er ei hovudprosjektoppgåve for ei gruppe datastudentar ved Høgskulen i Bergen. Dette dokumentet skal definere dei rammene som prosjektet skal utviklast innanfor.

1.1 Målsetjing

Dette dokumentet skal utgjere grunnlaget for utforming, implementering og testing av EasyPublish, eit vevbasert publiseringssystem for Mediesenteret ved Høgskolen i Bergen. Det vil omtale dei krav som er sett til funksjonalitetten i ein ferdig applikasjon og definere ei rekke ikkje-funksjonelle krav. Det vil òg forklare ein del ord og uttrykk som blir brukt i dette og andre dokument relatert til prosjektet.

1.2 Omfang

EasyPublish skal vere eit enkelt vevpubliseringssystem med eit breitt bruksområde. Målet er at terskelen for å kunne skrive og publisere innhald på veven skal vere så låg som mogleg med omsyn til «ikkje-tekniske» brukarar. Dette oppnår ein med intuitiv navigering og lett forståeleg språkbruk. Adminstrasjon av systemet skal òg vere lettvint.

Andre krav som må oppfyllast er at systemet skal vere basert på gjeldande standardar for HTML/XHTML og CSS. I tillegg skal systemet vere rimeleg og enkelt å setje i drift.

1.3 Definisjonar og forkortinger

Her følgjer ei kort forklaring på dei ulike faguttrykka som blir nytta i dette dokumentet og andre relaterte dokument. I tillegg utdjupar vi dei uttrykka som blir nytta i høve til funksjonaliteten i publiseringssystemet.

1.3.1 Generelle forklaringar

Internett

Eit verdsomspennande nettverk av datamaskiner som kommuniserer med kvarandre ved hjelp av ulike protokollar.

Veven

Eit system av datamaskiner som kommuniserer med kvarandre over internett. Desse maskinene nyttar ein spesiell protokoll for å kommunisere med kvarandre. Ved å til dømes bruke ein nettlesar kan ein kommunisere med datamaskiner i veven.

Vev-server

Ei datamaskin som kan kommunisere med andre datamaskiner ved hjelp av protokoll for veven. Desse kan typisk lagre og sende nettsider til ein nettlesar.

Nettside

Eit dokument som er formatert ved hjelp av HTML. Nettsider kan vere knytta saman ved hjelp av referansar (lenkjer) til kvarandre. Nettsider kan òg referere til bilete og andre filer på veven.

Nettlesar

Eit program som gjer det mogleg å laste ned og sjå på nettsider og andre filer via velen.

Vebasert publiseringssystem

Eit system for å kunne legge ut innhald i form av nettsider på velen. At systemet skal vere vebasert vil seie at ein skal kunne kommunisere med systemet over internett, til dømes via ein nettlesar.

HTML/XHTML

HyperText Markup Language er tekstmarkeringsspråk som er tilpassa bruk for velen. I eit HTML-dokument set ein «merkelappar» eller taggar rundt teksten for å forklare kva den aktuelle teksten er. XHTML er ei reformulering av HTML i eit datamarkeringspråk kalla XML.

CSS

Cascading Style Sheets er eit språk for å definere utsjånaden til «merkelappane»/taggane til eit HTML-dokument. Det kan samanliknast med stilar i teksthandsamingsprogram som til dømes Microsoft Word.

RSS

RDF Site Summary, eller Real Simple Syndication, er eit XML-basert filformat for å kunne utveksle innhald over velen. I dag er dette eit populært format for å kunne «abonnere» på nyhende frå nettsider.

WYSIWYG-editor

What You See Is What You Get, altså eit grensesnitt for å redigere teksten på same måte som i eit teksthandsamingsprogram, som til dømes Microsoft Word. For EasyPublish vil det seie at ein ikkje treng bry seg om HTML når ein skriv innhald for ein nettstad.

1.3.2 Definisjonar for EasyPublish

Ikkje-teknisk person

Ein person som har liten erfaring med datamaskiner og dei sjargongar som er knytta til bruk av desse.

Lesar

Ein person som les nettsidene som publiseringssystemet handterer, dette vil seie alle som ikkje har logga seg inn i publiseringssystemet.

Brukar

Ein person som har rett til å legge til/endre innhaldet i nettsidene. Brukarane kan vere differensierte slik at nokre brukarar har rett til å endre delar av systemet som andre brukarar ikkje har tilgong til å endre.

Administrator

Ein person som har utvida rettar til å endre eigenskapane til publiseringssystemet. I dette inngår alle rettar som ein brukar kan ha, i tillegg til å handtere brukarinformasjon og endre overordna innstillingar for systemet.

Innlegg

Innhald som ofte blir oppdaterte. Eit innlegg er tett knytta opp mot tid, slik som til dømes nyhende og dagboknotat.

Statiske sider

Innhald som ikkje blir oppdatert så ofte. Desse er gjerne uavhengig av tid og skildrar saker som er varige, til dømes omtale av eit firma eller kontaktinformasjon.

Mediefiler

Dette er filer som kan innehalde tekstdokument, biletet, lyd og film av ulike filformat.

1.4 Referanser

Kravspesifikasjonen vil referere til nyaste utgåve av følgjande dokument knytta til prosjektet:

- EasyPublish – Detaljerte brukstilfeller
- EasyPublish – Risikoliste

Alle desse dokumenta vil kunne lastast ned frå nettsida for prosjektet:

<http://www.hovudprosjekt2005.net/>

1.5 Oversikt over dokumentet

Kapittel 2 i dette dokumentet vil ta føre seg bakgrunnen for EasyPublish – behov, mål, brukargrupper osb. Dette kapittelet vil danne grunnlaget for dei meir spesifikke krava som følgjer i kapittel 3.

2 Overordna omtale

Mediesenteret ønskjer eit vebbasert publiseringssystem som skal kunne nyttast til nettsideprosjekt av ulike slag. Dette betyr at systemet må kunne tilby ei rekke funksjonar for innhald som ein forventar å finne på nettstad. Dette omfattar statiske sider, innlegg/nyhendeoppdateringar, abonnement, kommentarar, diskusjonsforum og kalender. Ulike nettstader har ulike krav til innhald, noko som publiseringssystemet må gi rom for.

Som nemnd i kapittel 1.2, skal systemet vere svært enkelt i bruk, noko som må vektleggjast i utforminga av dette. Ein typisk brukar vil vere ein person som har liten innsikt i den tekniske sida ved bruk av ei datamaskin og publiseringsløysinga må difor vere enkel i bruk, ha ei slakk læringskurve og bruke eit språk med lite/ikkje noko innslag av faguttrykk. Ein administrator vil i første omgang vere knytta til Mediesenteret og ellers vere ein person med noko meir erfaring med dатatekniske applikasjonar. Administrasjonen av publiseringsløysinga kan difor nytte eit meir teknisk språk.

Publiseringssystemet må vere enkelt å setje i drift og kreve så lite administrasjon som mogleg for å få ein nettstad ut på veven. Det bør ikkje vere naudsynt å endre på kjeldekoden for systemet før bruk. Utsjânaden på nettstaden bør ein derimot kunne endre frå nettstad til nettstad.

3 Spesifikke krav

Denne delen vil ta føre seg dei spesifikke krava til EasyPublish, for å kunne utføre implementering og testing.

3.1 Funksjonelle krav – brukstilfeller

Følgjande brukstilfeller er definerte for publiseringssystemet. Detaljert omtale av desse er å finne i eit eige dokument, «EasyPublish – Detaljerte brukstilfeller».

3.1.1 UC-1 Innlogging

ID	UC-1
Navn	Innlogging
Aktørar	Lesar
Prioritet	Må
Opne spørsmål	

3.1.2 UC-2 Lese nettside

ID	UC-2
Navn	Lese nettside
Aktørar	Lesar, brukar, administrator
Prioritet	Må
Opne spørsmål	

3.1.3 UC-3 Legge til nytt innlegg

ID	UC-3
Navn	Legge til nytt innlegg
Aktørar	Administrator, brukar
Prioritet	Må
Opne spørsmål	

3.1.4 UC-4 Legg til mediafil

ID	UC-4
Navn	Legg til mediafil
Aktørar	Brukar, administrator
Prioritet	Må
Opne spørsmål	

3.1.5 UC-5 Endre innlegg

ID	UC-5
Navn	Endre innlegg
Aktørar	Brukar, administrator
Prioritet	Må
Opne spørsmål	

3.1.6 UC-6 Endre statisk side

ID	UC-6
Navn	Endre statisk side
Aktørar	Brukar, administrator
Prioritet	Må
Opne spørsmål	

3.1.7 UC-7 Vise administrasjonsvindauge

ID	UC-7
Navn	Vise administrasjonsvindauge
Aktørar	Brukar innlogga som adm-super
Prioritet	Må
Opne spørsmål	

3.1.8 UC-8 Vise oversikt brukarar

ID	UC-8
Navn	Vise oversikt brukarar
Aktørar	Administrator
Prioritet	Må
Opne spørsmål	

3.1.9 UC-9 Vise oversikt mediafiler

ID	UC-9
Navn	Vise oversikt mediafiler
Aktørar	Administrator
Prioritet	Må
Opne spørsmål	

3.1.10 UC-10 Vise oversikt innlegg

ID	UC-10
Navn	Vise oversikt innlegg
Aktørar	Administrator
Prioritet	Må
Opne spørsmål	

3.1.11 UC-11 Vise oversikt statiske sider

ID	UC-11
Navn	Vise oversikt statiske sider
Aktørar	Administrator
Prioritet	Må
Opne spørsmål	

3.1.12 UC-12 Endre innstillingar

ID	UC-12
Navn	Endre innstillingar
Aktørar	Brukar logga inn som adm-super
Prioritet	Må
Opne spørsmål	

3.1.13 UC-13 Slette brukar

ID	UC-13
Navn	Slette brukar
Aktørar	Administrator
Prioritet	Må
Opne spørsmål	

3.1.14 UC-14 Endre brukar

ID	UC-14
Navn	Endre brukar
Aktørar	Administrator og brukar sjølv
Prioritet	Kan
Opne spørsmål	

3.1.15 UC-15 Opprette brukar

ID	UC-15
Navn	Opprette brukar
Aktørar	Administrator
Prioritet	Må
Opne spørsmål	

3.1.16 UC-16 Slette statisk side

ID	UC-16
Navn	Slette statisk side
Aktørar	Administrator
Prioritet	Må
Opne spørsmål	

3.1.17 UC-17 Opprette statisk side

ID	UC-17
Navn	Opprette statisk side
Aktørar	Administrator
Prioritet	Må
Opne spørsmål	

3.1.18 UC-18 Endre mediafil

ID	UC-18
Navn	Endre mediafil
Aktørar	Administrator
Prioritet	Bør
Opne spørsmål	

3.1.19 UC-19 Slette mediafil

ID	UC-19
Navn	Slette mediafil
Aktørar	Administrator
Prioritet	Må
Opne spørsmål	

3.1.20 UC-20 Slette innlegg

ID	UC-20
Navn	Slette innlegg
Aktørar	Administrator og brukar
Prioritet	Må
Opne spørsmål	

3.1.21 UC-21 Vise oversikt kategoriar

ID	UC-21
Navn	Vise oversikt kategoriar
Aktørar	Administrator
Prioritet	Må
Opne spørsmål	

3.1.22 UC-22 Opprette kategori

ID	UC-22
Navn	Opprette kategori
Aktørar	Administrator
Prioritet	Må
Opne spørsmål	

3.1.23 UC-23 Endre kategori

ID	UC-23
Navn	Endre kategori
Aktørar	Administrator
Prioritet	Må
Opne spørsmål	

3.1.24 UC-24 Slette kategori

ID	UC-24
Navn	Slette kategori
Aktørar	Administrator
Prioritet	Må
Opne spørsmål	

3.1.25 UC-25 Få tilsendt passord

ID	UC-25
Navn	Få tilsendt passord
Aktørar	Brukar/administrator
Prioritet	Må
Opne spørsmål	

3.1.26 UC-26 Laste ned abonnement

ID	UC-26
Navn	Laste ned abonnement
Aktørar	Lesar
Prioritet	Kan
Opne spørsmål	

3.1.27 UC-27 Søk i mediearkiv

ID	UC-27
Navn	Søk i mediearkiv
Aktørar	Administrator
Prioritet	Kan
Opne spørsmål	

3.1.28 UC-28 Søk på nettside

ID	UC-28
Navn	Søk på nettside
Aktørar	Lesar
Prioritet	Må
Opne spørsmål	

3.1.29 UC-29 Vise oversikt lenkjer

ID	UC-29
Navn	Vise oversikt lenkjer
Aktørar	Administrator
Prioritet	Kan
Opne spørsmål	

3.1.30 UC-30 Opprette lenkje

ID	UC-30
Navn	Opprette lenkje
Aktørar	Administrator
Prioritet	Kan
Opne spørsmål	

3.1.31 UC-31 Endre lenkje

ID	UC-31
Navn	Endre lenkje
Aktørar	Administrator
Prioritet	Kan
Opne spørsmål	

3.1.32 UC-32 Slette lenkje

ID	UC-32
Navn	Slette lenkje
Aktørar	Administrator
Prioritet	Kan
Opne spørsmål	

3.1.33 UC-33 Legge til kommentar

ID	UC-33
Navn	Legge til kommentar
Aktørar	Lesar
Prioritet	Bør
Opne spørsmål	

3.1.34 UC-34 Slette kommentar

ID	UC-34
Navn	Slette kommentar
Aktørar	Administrator/brukar
Prioritet	Bør
Opne spørsmål	

3.2 Ikkje-funksjonelle krav

3.2.1 Brukarvennleg

All administrasjon av nettstaden skal skje via eit vevgrensesnitt. Installasjon og konfigurasjon kan skje «manuelt». For brukaren skal det vere nær samanheng mellom lesing og skriving i nettstaden. Det vil seie at ein som innlogga brukar skal kunne navigere gjennom nettsidene som ein vanleg leesar og kunne velje å endre innhaldet ved behov. Ein WYSIWYG-editor vil gje brukaren eit grensesnitt som kan likne eit teksthandsamingsprogram.

3.2.2 Påliteleg

Publiseringssløysinga bør kunne vere oppe og gå så lenge vev-serveren er i gong. Ein må òg ta omsyn til forsøk på innbrot i systemet, sidan dette kan vere fritt tilgjengeleg på veien.

3.2.3 Yting

Det vert ikkje sett krav til å kunne handsame mange innlogga brukarar samstundes. Dei fleste prosjekta til Mediesenteret omfattar kanskje ei brukargruppe på 10-15 personar. Ein bør derimot ta omsyn til at mange vil lese nettsidene, og at servering av desse dermed må skje så raskt som mogleg.

3.2.4 Vedlikehald

Det skal i utgangspunktet ikkje vere naudsynt å endre på kjeldekoden for systemet. Dette betyr at publiseringssystemet må kunne tilpassast via administrasjonsgrensesnittet og CSS.

3.2.5 Anna

Publiseringssystemet skal vere rimeleg å implementere og setje i drift. Det bør nyttast programmeringsspråk og ei databaseløysing som er lett tilgjengeleg på marknaden i dag.